

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

28. juni 2016

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Merknader til arealdelen av kommuneplan for Austrheim 2016-2027

Viktige tema

Planen løfter fram landskap, byggeskikk, klima, støy og fortetting (sentrumsområde) som viktige tema (s. 8). Slike tema gjev planen ei god miljømesseg forankring sjølv om Naturvernforbundet og kunne tenkt seg tema som gjekk på biologisk mangfald og forureining. Vi ser likevel at slike omsyn ligg dels innbakt i nokre av dei overordna målsetjingane:

«Austrheim vil fremja opne landskap. Det typiske kystlandskapet ned Lynghei er internasjonalt kjend og skal vernast om».

«Dei langsiktige miljøomsyna i planarbeidet skal vegast tyngre enn dei meir kortsiktige økonomiske omsyna».

Arealvurderingar

Overordna arealstrategiar er m.a. fortetting, opne landskap med samanhengande landbruksområde, vern av kulturminne, kollektivtilbod, gang- og sykkelvegnett og funksjonelle strandsone. Det skal «sikrast tilgang til strandsone/sjø og naturlandskap frå bustadområda». Nye næringsareal er i all hovudsak lagt til Leirvåg-Fonnes-Kaland-Litlås. Når det gjeld fritidsbustader vert det «opna for ei avgrensa fortetting i nokre regulerte hytteområde», og «det vert opna for avgrensa spreidd utbygging av fritidsbustader».

I strandsona skal «øyar og holmar som ikkje er busett» «vernast mot inngrep» og «heilskapleg og samanhengande kystlandskap skal som hovudregel ikkje opnast for utbygging». «Det skal vera ålmenn tilgang til natur og kulturlandskap langs med stranda». «Det skal settast av areal til naust og båthamner der tilhøva tillet det».

Naturvernforbundet meiner det er godt samsvar mellom viktige tema og dei arealstrategiane som er valde i planen. Særleg positive er strategiane for opne landskap og til dels strandsone. Om dei blir følgde opp med konkrete framtidsretta tiltak, kan Austrheim bli ein føregangskommune for landskapspleie, –bruk og –vern basert på berekraftig ressursbruk med lyngheibeiting og -skjøtsel kombinert med eit aktivt friluftsliv. Også i eit folkehelseperspektiv er slik satsing viktig.

Også strategiane for fortetting av bustader og hytter og vidare utbygging av næringsareal først og fremst rundt Mongstad, meiner Naturvernforbundet er heilskapleg og god miljøpolitikk.

Som nemnt under «Viktige tema» meiner Naturvernforbundet at biologisk mangfald kunne fått ein tydelegare plass i arealstrategiane, ikkje minst fordi eit slikt tema er nært knytt til landskap og landbruk. Strategien for opne landskap og vern av lynghei vil vera ein nøkkelstrategi for å ta vare på raudlisteartar som hubro, storspove og vipe, men òg for å fjerna svartelista artar som sitkagran og platanlønn. Raudlisteartar som vipe og storspove vil også dra nytte av avgrensingar i ferdsel for folk og hund. Kystlyngheia i Austrheim er raudlista. Naturvernforbundet vil understreka at Austrheim som kommune har eit særleg ansvar for å ta vare denne naturtypen, noko strategien for «opne landskap» heldigvis legg opp til om konkrete tiltak som nemnd over vert gjennomførte.

Når det gjeld kartlegging av funksjonelle strandsone som «skal leggast til grunn for arealbruk og byggjegrense mot sjø», ønsker Naturvernforbundet streng praksis slik at landskap og ålmenta si tilgang til sjø vert teke i vare. Det er vårt syn at det vert gitt for mange dispensasjoner i strandsona i Austrheim. Slik praksis har fleire plassar ført til privatisering av attraktive friluftsområde. M.a. ønsker Naturvernforbundet ei strengare praksis for naust og flytebryggjer. Austrheim kommune må ikke gje løyve til naust- og fortøyingsanlegg der det ikke er regulert for det og slike reguleringar bør vera få og konsentrerte utan at det går ut over landskap og friluftsliv.

For fritidsbustader er det lagt opp til fortetting av eksisterande reguleringar. I planen vert det ikke sagt noko om at fleire nye hytteområde skal regulerast. For natur og miljø meiner Naturvernforbundet dette er positivt. Hyttebygginga i Austrheim har allereie nådd smertegrensa med store inngrep i strandsone og eksponert landskap som burde vore unngått, særleg i Øyane, og det bør ikke opnast opp nye område. For allereie regulerte område bør kommunen stilla strenge krav om landskapstilpassing og rekkefølgje. Naturvernforbundet meiner likeeins at planen ikke bør «opna for avgrensa spreidd utbygging av fritidsbustader» slik planstrategien legg opp til.

Risiko- og sårbarheitsanalyse

I møte med allereie store klimaendringar og framtidas klima meiner Naturvernforbundet dette er eit særskilt viktig tema. For Austrheim kommune gjeld det særleg å ha gode strategiar i høve sikker straumforsyning, IKT-tjenester, utmarksbrann og sterkt vind og stormflo. Naturvernforbundet har registrert at Austrheim kommune er i forkant med slike ROS-analysar og har gjennomført piloterande tiltak. Vi meiner det er svært viktig at dette arbeidet held fram, ikke minst som ein del av arealstrategien i kommuneplanen. Her vil særleg framheva at eit skjøtselregime for lynghei vil fjerna brannfarene totalt. Det er berre høy og gammal lyng som inneholder nok energi til å kunne skape store og farlege brannar. Velpleide lyngheier representerer ikke nokon fare.

Planomtale

Bustadområde

«Byggjeområda i dette planframlegget er ikke særleg utvida» (s. 14) «og det er nok areal for utbygging». Naturvernforbundet meiner dette er positivt for dei store meir eller mindre urørde LNF-områda i kommunen. Planen peikar i retning av fortetting som vil verne natur og miljø og kan opna for friluftsliv rundt bustadområda, noko som gjennom ulik tilrettelegging også vil gagna landskapsopplevelinga og folkehelsa. Naturvernforbundet vil her særleg peika på dei moglegheitene Øksnesmarka har, men også andre delar av kommunen har gode føresetnader for friluftsliv knytt til regulerte bustadområde (m.a. Sætremarka og Vardetangen).

Fortetting i nærleiken til offentleg infrastruktur slik planen legg opp til, vil dessutan leggja til rette for meir bruk av sykkel, gange og buss og føra til eit lågare klimaavtrykk i kommunen.

At kommunen set av areal til spreidd busettnad utanom regulerte område, er Naturvernforbundet meir kritisk til. Slik utbygging legg ofte press på landskap som har verdi som landbruks-, natur- og friområde. Det er fleire døme på slik uheldig utbygging i kommunen, m.a. på Lerøy.

Område for fritidshus

«Det er ikke lagt inn særleg nye område for fritidsbustader i dette planframlegget» (s. 15). Dette meiner Naturvernforbundet er positivt. Hyttebygging i Austrheim har lagt stort press på verdfulle naturområde, i sær i Øyane, og har nådd tolegrensa. Særleg omfattande er inngrepa i strandsona med tilhøyrande naustområde, men også parkeringsplassar og tilførselsvegar som burde vore stengt for bilkjøring, er konfliktfylte tema.

Når det gjeld utviding av reguleringsplass for camping på Rebnor og vidareføring av reguleringsplanane for Lauvøyna, Rongevær og Bergsvik, vil Naturvernforbundet be om at det vert stilt strenge krav til landskapstilpassing med minimal utsprenging og planering og køyreforbod inn til fritidshusa. Områda på Rebnor, Lauvøyna og i sær Bergsvik ligg svært eksponert i landskapet ut mot sjøen. I Bergsvik må det stillast strenge krav om rekkefølge, hyttene må seinkast i terrenget og det må ikkje opnast for fleire naust og flytebryggjer enn dei som lovleg er der i dag. På Rebnor mot Bukkholmsundet må det stillast strenge krav til den estetiske utforminga av campingplassen. Planen må ikkje opna for permanent caravancamping med «spikertelt», men tilretteleggja for bubar og vanleg reisande campingjestar, evt. campinghytter.

Sentrumsføremål og offentleg og privat tenesteyting

Kommunesentrum er for ein stor del ferdigregulert. Naturvernforbundet vil peika på at det til dels er store avstandar mellom funksjonane i sentrumsområda i Mastrevik og på Fonnes. Som for bustadområda meiner vi det også her er behov for fortetting slik at brukarane i langt større grad kan gå eller bruka sykkel mellom servicetilboda. Det vil også gagna eldre og funksjonshemma, som til dels bur tett inntil sentrumsområda. Som alternativ og tillegg til fortetting, må kommunen leggja til rette med gang- og sykkelstiari slik det til dels er lagt opp til. Det vil gjera det attraktivt å parkera bilen og på den måten redusera klimagassutsleppa i kommunen. I den samanhengen bør kommunen tenka langsiktig og leggja til rette for fleire normalladepunkt og hurtigladepunkt for elbilar og hydrogenstasjon.

Råstoffutvinning/jorddeponi

Det er positivt at «overskotsmassar får utbyggingsområde i all hovudsak skal nyttast på staden» med «minst mogleg transport ut av områda» (s. 15).

Alle framtidige deponi er lokalisiert nær næringsområde på Mongstad og Fonnes der det er mykje industriell verksemd frå før. Så lenge dette vert gjort berekraftig med framsynt bruk av ressursane til jordbruksføremål, er Naturvernforbundet positiv til slike deponi. Å krevja reguleringsplan slik det er gjort framlegg om, er viktig og i samsvar med plan- og bygningslova, forureiningslova og naturmangfaldlova. Slikt krav bør også kommunen stilla til dei eksisterande deponia på Litlås og i Dyrneskrysset, der Naturvernforbundet vil hevda at utvinning og deponering til dels har skjedd ulovleg.

Næringsverksemd

Naturvernforbundet finn grunn til å rosa planframlegget på dette området. Det er tenkt heilskapleg når kommunen vil konsentrera næringsutviklinga på Mongstad og tek sikte på å la resten av kommunen bli «ein nasjonal kjent og attraktiv turistdestinasjon» (s. 16). «Verdien av ope kystlandskap i eit reiselivsperspektiv» har ført til at planen har fjerna næringsområdet i Øksnesmarka. Dette er framtidsretta og heilt i tråd med kva Naturvernforbundet har kjempa for i fleire tiår.

«I planframlegget der dette området no disponert til LNF og nordre del er spesielt merka med omsyn til bevaring av naturmiljø», heiter det vidare om Øksnesmarka. Ei slik omdefinering er særslig gledeleg og vill ikkje berre opna for turisme, men òg utmarskretta landbruk, skjøtsel av lynghei, ivaretaking av biologiske mangfold og friluftsliv og bidra til god folkehelse der folk bur (sjå under bustadområde). Dessutan vil kommunen på denne måten forhindra store inngrep i Åråsvågen.

Idrettsanlegga

Det er i planframlegget «teke omsyn til områda som er planlagt til turvegar og friluftsaktivitet». Naturvernforbundet meiner det er gjort mykje godt arbeid med tilrettelegging for tur- og friluftsaktivitetar i kommunen. Når Øksnesmarka i planframlegget no er omklassifisert frå næringsområde til LNF-område, meiner Naturvernforbundet det er naturleg å vidareføra arbeidet med turstiari i utmarka her, men også opna opp att gamle stiar og ferdselsvegar som er i ferd med å gro att andre stader i kommunen. Slike tiltak vil vera viktig for trivnad og folkehelse, men også opna auga for

lokale landskapskvalitetar og verdien av biologisk mangfald og soleis styrkja den lokale stadsidentiteten.

Naustområde

Høyringsutkastet opnar for mange nye naustområde. Naturvernforbundet er kritisk til dette, og meiner nye naust i større grad burde vore konsentrert til eksisterande naustområde eller ikkje burde vore tatt inn i planen. Naust vert ofte plasserte på gunstige stader for friluftsliv og kan bety store landskapsinngrep i strandsona. Allemandsretten blir svekt. Der kommunen likevel går inn for naustområde, må allmenn tilgang til strandsona sikrast slik at ho ikkje blir privatisert.

Naturvernforbundet vil peika på at det finst gode alternativ til naustområde, t.d. tilrettelegging for opplagringsplassar og båthotell. Naturvernforbundet saknar tilrettelegging for slike område i planen.

Kommunale og private kaiar

«Kommunale kaiar skal vera offentleg tilgjengelege». «Ved privat regulering av kaiområde skal det og sikrast tilgang for ålmenta» (s. 17). Kommunen har mange kommunale og nokre større private kaiar. Naturvernforbundet meiner difor planframlegget legg godt til rette for sjøretta friluftsliv. Når det gjeld private kaiar, er nokre av dei største privatisert utan ålment tilgjenge. Det gjeld m.a. gamle Austrheim kai og kaien på Baløy. Naturvernforbundet ønskjer at slike historiske kaiar vert opna for ålmenta.

Gang- og sykkelvegar

Austrheim kommune er i areal ein liten kommune med til dels små avstandar mellom bustadfelt og senterområda i Mastrevik og på Fonnes. Det er derfor positivt at planen held oppe intensjonen om gang- og sykkelveg «frå Lindås grense til Radøy grense langs med fylkesvegen» (s. 18) og at «gang- og sykkelvegnett skal vurderast i samband med all utbygging». Dette vil vera med å redusera klimagassutsleppa i kommunen.

Kollektivknutepunkt

Det må vera eit mål for Austrheim kommune å få opp kollektivandelen, som i dag er alt for låg. Kollektivknutepunktet er planlagd i komunesentrum i Mastrevik. Naturvernforbundet vil understreka at eit slikt knutepunkt må vera attraktivt for brukarane, m.a. med god tilrettelegging for bil- og sykkelparkering. Det same gjeld haldeplassen ved Fonnes senter og snøggbåtstoppet på Vardetangen.

Naturområde og friområde

I planen er det sett av fleire friområde med potensiale for ulike friluftsaktivitetar. Elles meiner planen at føremålet LNF gjev eit godt nok vern av annan grøntstruktur. Svært positivt er det at nordre del av Øksnesmarka er merka med omsynssone for bevaring av naturmiljø. Etter Naturvernforbundet sitt syn har dette området store landskaps- og friluftslivverdiar.

Naturvernforbundet stiller likevel spørsmål ved om kommunen, og då særleg potensielle friområde i strandsona, er godt nok kartlagt. M.a. vil Naturvernforbundet peika på fine og tilgjengelege bade- og rastepllassar fleire stader i kommunen, m.a. langs turløypa på Lerøy, søre Njøten og på Littlelindåstangane.

Som nemnd under idrettsanlegg, meiner Naturvernforbundet ei vidare satsing på turvegar er viktig både for naturoppleving og folkehelse. Vi ønskjer at fleire gamle stiar og ferdselsvegar vert opna og at fleire turvegar vert universelt utforma. Her har Øksnesmarka eit ekstra stort potensiale. I denne delen av kommunen er det stort behov for eit meir naturretta alternativ til gang- og sykkelvegen langs hovudvegen gjennom kommunen. Det er derfor positivt at planframlegget opnar for at fleire universelt utforma prosjekt «kan settast i gang langs turdrag» (s. 18).

Landbruks-, natur- og friluftsområde

Som nemnd over, er det svært positivt at planutkastet har teke i bruk omsynssone for naturmiljø i LNF-området i Øksnesmarka. Også andre stader er omsynssoner brukt.

Naturvernforbundet er meir kritisk til at det i LNF-områda er opna for spreidd bustads- og fritidsbygnad i nokre delar av kommunen. Om slik utbygging vert omfattande, vil det undergrava fortettingsmålet i dei regulerte bustad- og hytteområda i kommunen. Spreidd utbygging er dessutan arealkrevjande og kan koma i konflikt med landskap, biologisk mangfald og friluftsliv, ikkje minst i strandsona. Det er likevel positivt at det i høve til kommuneplanen frå 2006 ikkje er lagt ut nye framtidige område.

Strandsone

Naturvernforbundet vil framheva strandsona i Austrheim som naturmesseg svært viktig og attraktiv, både i høve til landskap, biologisk mangfald, kulturminne, friluftsliv og reiseliv. Inngrep i strandsona må difor vera minimale og sikra ålmenta fri tilgang.

Det er utført eigen analyse av funksjonell strandsone der det er mest press på strandsona. Slik kartlegging byr som utkastet seier, «på utfordringar» (s. 19). Til dømes vert ikkje naust og sjøbuer rekna som «okkuperande» i denne analysen. Naturvernforbundet meiner det er problematisk fordi naust og sjøbuer i praksis svært ofte fører til privatisering av strandsona. Naturvernforbundet har difor også vore kritisk til fleire av dei nye naustområda som er lagt ut i planen (sjå under naustområde over). Det er vårt syn at naust og sjøbuer burde vore rekna som «okkuperande».

Småbåthamner

Etter motseigner frå m.a. fylkesmannen vart det i kommuneplan 2006-17 teke ut mange område for småbåthamner då planen vart vedteken. Mange av desse områda er i planframleggget opna att. Småbåthamner fører til stort arealbeslag i sjø, landskapsinngrep og ofte ferdselshindringar for sjøretta friluftsliv. Eit så spreidd utbyggingsmønster av småbåthamner som planen gjer framlegg om, er difor Naturvernforbundet skeptisk til, sjølv om det kan føra til færre søknadar om flytebryggjer, kaiar og andre fortøyingsanlegg på kvar enkelt tomt. Naturvernforbundet ønskjer færre og meir konsentrerte småbåtanlegg i allereie utbygde område slik at sårbar strandsone ikkje vert lagt beslag på.

Fiske og akvakultur

«Det er gjort innskrenking av areal for akvakultur. Det er no kun eksisterande område i Børildosen/Aråsvågen som ligg inne» (s. 20).

Naturvernforbundet Nordhordland har i handlingsprogrammet sitt vedteke å gå i mot nye søknader og utvidingar av akvakulturanlegg av di vi m.a. er redde for konsekvensane for sjølandskap, biologisk mangfald (forureining, sjukdom, lakselus og rømming), friluftsliv og yrkes- og fritidsfiske. Pr. dato er det i Nordhordland store konfliktar knytt til akvakulturnæringa.

Etter Naturvernforbundet sitt syn er det difor svært gledeleg at det er gjort innskrenking av areal for akvakultur slik at berre eitt område no ligg inne. Særleg anlegget ved Allersholmen i Øyane har vore konfliktfylt. Sjøområdet og strandsona rundt er mykje nytta til både fritids- og yrkesfiske og båtfart frå bustads- og hytteområde i nærleiken. Anlegget ligg i eit område som i si tid var foreslått som nasjonalpark (Øyane, Sandholmane, Holmengrå, Vassøyna) p.g.a. store landskapsverdiar. At Allersholmen er trekt ut av planen slik kommunen foreslår, vil difor vera eit stort pluss for ei heilskapleg forvalting av Øyane basert på landskapsverdiar, biologisk mangfald og friluftsliv.

Omsynsponer

Planutkastet har lagt inn omsynssoner for friluftsliv (turvegdrag), naturmiljø (m.a. Øksnesmarka) og kulturmiljø (m.a. Fosnstraumen). Slik bruk av omsynssoner meiner Naturvernforbundet er ein konstruktiv måte å fremja natur- og miljøverninteresser på som gjerne kunne vore brukt endå meir aktivt i planen. Naturvernforbundet meiner likevel det er svært positivt at både miljøet i Øksnesmarka og Fosnstraumen er teke spesielt omsyn til.

Samandrag

Naturvernforbundet meiner høyringsutkastet til arealdelen til kommuneplan for Austrheim 2016-2027 i høve natur og miljø er framsynt og byggjer opp under langsigte berekraftige prinsipp både når det gjeld landskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og friluftsliv.

Naturvernforbundet meiner det er godt samsvar mellom viktige tema og dei arealstrategiane som er valde i planen. Særleg positive er strategiane for opne landskap og til dels strandsone. Om dei blir følgde opp med konkrete framtidsretta tiltak, kan Austrheim bli ein føregangskommune for landskapspleie, –bruk og –vern basert på berekraftig ressursbruk med lynchheibeiting og -skjøtsel kombinert med eit aktivt friluftsliv. Også i eit folkehelseperspektiv er slik satsing viktig.

Også strategiane for fortetting av bustader og hytter og vidare utbygging av næringsareal først og fremst rundt Mongstad, meiner Naturvernforbundet er heilskapleg og god miljøpolitikk.

Naturvernforbundet meiner at biologisk mangfald kunne fått ein tydelegare plass i arealstrategiane, ikkje minst fordi eit slikt tema er nært knytt til landskap og landbruk. Strategien for opne landskap og vern av lynchhei vil vera ein nøkkelstrategi for å ta vare på raudlisteartar som hubro, storspove og vipe, men òg for å fjerna svartelista artar som sitkagran og platanlønn. Raudlisteartar som vipe og storspove vil også dra nytte av avgrensingar i ferdsel for folk og hund. Kystlyngheia i Austrheim er raudlista. Naturvernforbundet vil understreka at Austrheim som kommune har eit særleg ansvar for å ta vare denne naturtypen, noko strategien for «opne landskap» heldigvis legg opp til om konkrete tiltak som nemnd over vert gjennomførte.

Når det gjeld kartlegging av funksjonelle strandsone som «skal leggast til grunn for arealbruk og byggiegrense mot sjø», ønskjer Naturvernforbundet streng praksis slik at landskap og ålmenta si tilgang til sjø vert teke i vare. Det er vårt syn at det vert gitt for mange dispensasjonar i strandsona i Austrheim. Slik praksis har fleire plassar ført til privatisering av attraktive friluftsområde. M.a. ønskjer Naturvernforbundet ei strengare praksis for naust og flytebryggjer. Austrheim kommune må ikkje gje løyre til naust- og fortøyingsanlegg der det ikkje er regulert for det, og evt. reguleringar bør vera få og konsentrerte utan at det går ut over landskap og friluftsliv.

For fritidsbustader er det lagt opp til fortetting av eksisterande reguleringar. I planen vert det ikkje sagt noko om at fleire nye hytteområde skal regulerast. For natur og miljø meiner Naturvernforbundet dette er positivt. Hyttebygginga i Austrheim har allereie nådd smertegrensa med store inngrep i strandsone og eksponert landskap som burde vore unngått, særleg i Øyane, og det bør ikkje opnast opp nye område. For allereie regulerte område bør kommunen stilla strenge krav om landskapstilpassing og rekkefølgje. Naturvernforbundet meiner likeeins at planen ikkje bør «opna for avgrensa spreidd utbygging av fritidsbustader» slik planstrategien legg opp til.

Etter Naturvernforbundet sitt syn er det svært gledeleg at det er gjort innskrenking av areal for akvakultur slik at berre eitt område no ligg inne. Særleg anlegget ved Allersholmen i Øyane har vore konfliktfylt. Sjøområdet og strandsona rundt er mykje nytta til både fritids- og yrkesfiske og båtfart frå bustads- og hytteområde i nærleiken. Anlegget ligg i eit område som i si tid var foreslått som nasjonalpark (Øyane, Sandholmane, Holmengrå, Vassøyna) p.g.a. store landskapsverdiar. At Allersholmen er trekt ut av planen slik kommunen foreslår, vil difor vera eit stort pluss for ei heilskapleg forvalting av Øyane basert på landskapsverdiar, biologisk mangfald og friluftsliv.

For styret i Naturvernforbundet Nordhordland
Jan Nordø, leiar

